

Tips meg om ei god bok

Målgruppe:

Barn i skulealder, lærarar og føresette i Fitjar kommune

Mål med prosjektet:

Målet med «Tips meg om ei god bok» er å

- 1) gjere bøkene og biblioteket meir synleg på sosiale plattformer
- 2) fremje leselyst og gjere litteraturen tilgjengeleg for barn, ungdom og foreldre ved å inspirere til lesing
- 3) leggje til rette for at alle barn i Fitjar blir kjent med biblioteket og brukar biblioteket aktivt og
- 4) auka fokus på leseglede vil på sikt styrke lesedugleiken til barn i Fitjar

I prosjektet ville biblioteket:

- Inspirere til lesing ved at barn tipsar om bøker til kvarandre.
- Prøve ut ulike formar for boktips
- Gjere biblioteket synleg for elevar
- Gjere biblioteket synleg på sosiale plattformer som Facebook og Instagram for føresette og andre vaksne.

Innhald og aktivitetar i tiltaket


Prosjektet «Tips meg om ei god bok» blei skriva i 2021. Ideen var å få barna til å dele sine boktips. Boktipsa skulle presenterast digitalt for andre elevar. Aldersgrensa på sosiale media er 13 år. Målgruppa her var føresette, lærarar og andre vaksne.

I 2024 er tilsette og befolkninga generelt er meir oppmerksam i høve til biletbuk og biletdeling, særleg av barn. Dette er ei positiv utvikling. Det gjer det enda viktigare å vere varsam med biletdeling på sosiale plattformer og på nett. Det var viktig for oss å få føresette involvert. Me utvikla difor eit samtykkeskjema for å sikre oss om å få dele bilete av barna. Barna og føresette fekk velje om elevane ville vise fjeset sitt eller om dei ville halde boka framfor ansiktet. Dei fekk også velje om boktipset skulle delast på sosiale medier eller ikkje. Der me ikkje hadde høve til å involvere føresette valde me å kun vise produkta for elevar på skulane.

Boktips i bookcreator

Elevane i barneskulen i Fitjar (2.klasse -7.klasse) har kvar sin Cromebook. Elevane har difor tilgang til programmet Bookcreator. I bookcreator kan ein lage bøker eller som me gjorde; lage plakatar. Elevane kan vere kreative i val av bakgrunn, skriftstørrelse, farge, bakgrunn, setje inn bilete, emojis etc. Slik kunne dei lage kvar sin unike plakate til sitt boktips.

Skjermdump av bok i Bookcreator



Me arbeidde etter denne malen:

- Presentere prosjektet for klassen. Elevane fekk sjå døme på bokplakatar bibliotekar og andre elevar hadde laga. Me snakka også om kva som påverkar oss når det gjeld å velje bøker og vart einige om at å få tips av andre var lurt.
- Finne bøker elevane ville tipse om på skulebiblioteket/biblioteket. Her la me vekt på at elevane skulle ha lest, eller skulle lese boka før dei kunne tipse om den.
- Lærar oppretta eit bibliotek i Bookcreator og delte kode med elevar og bibliotekar (gjorde innstillingar for at bibliotekar kunne redigere og skrive ut plakatan). Elevane laga sin eigen bokplakat i Bookcreator. Dei tok anten bilete av seg sjølv

og boka med cromebook eller bibliotekar to bilete med mobiltelefon og sendte biletet til elevane på mail.

- Bokplakatane vart skriven ut.
- Elevane presenterte bøkene for kvarandre.
- Bokplakatane vart hengt opp på skulebiblioteket. Folkebiblioteket laga utstilling av bøkene som vart tipsa om og la tips ut på heimesida.
- Dei boktipsa biblioteket hadde løyve til å dele vart lagt ut på Facebook, instagram og heimeside.

Det var litt ulikt kor mykje elevane kunne, men ved å ha god vaksentettleik i klassen fekk me hjelpt dei som trengte det. Elevane var også flinke til å hjelpe kvarandre. Elevane gav tilbakemelding på at dei syntes det var kjekt å lage bokplakatar. Mange fekk gode tips når dei seinare skulle velje seg lesestoff. Lærarane meldte at dette var ein kjekk måte å jobbe på og at det var nyttig at elevane fekk øving å jobbe i Bookcreator.

Sidan lærarane i 4.klasse hadde foreldresamtalar i tidsrommet me arbeidde med prosjektet, hadde me moglegheit til å få samtykke av foreldre i høve til deling av bilete.

Sjå vedlagt samtykkeskjema.



1 Elevane fekk velge om dei ville ha bilete med vise ansikt eller ikkje.

Foto: Silje Vågen Torbjørnsen

Lage boktrailer i IMOVIE

På lesekonferansen Se og Les i Bergen i februar fekk me inspirasjon til å prøve å dele boktips ved å lage boktrailerar i appen IMOVIE. Biblioteket har fire IPadar, skulane har også nokon, og til saman hadde me nok IPADar til at elevane i ein klasse kunne arbeide åleine eller to og to. Det første me måtte gjere var å få installert IMOVIE på alle ipadane.

Før me satte i gang snakka me kring det å bli inspirert til å velje bøker ut frå tips. I tillegg hadde meg ein gjennomgang av prosjektet, viste døme på boktrailer og viste korleis ein kunne arbeide i IMOVIE.

Me hadde også fokus i høve opphavsrett. Før me laga boktrailer hadde me ei kort innføring i creative commons. Dette var ei problemstilling ein del av lærarane ikkje tenkte på til dagleg. Med vårt fokus på dette vart elevane og lærarar meir bevisst problemstillinga. Me fann ut at pexels.com har ein god del bilete til fritt bruk. I tillegg snakka me om at bilete ein tek sjølv, eig ein. Utfordringa med IMOVIE var at ein må ha veldig mange bilete for å lage ein trailer. Det var heller ikkje lett å finne gode søkeord for å finne bilete på Pexels. Dette førte til ein del frustrasjon for elevane. Me måtte difor opne opp for at nokon elevane fekk finne bilete på Google. Me valgte då å ikkje publisere desse filmene anna enn internt på skulen og mellom skulane. Filmene har vore publisert på skulen sin infoskjerm og vist i klassar.



Konsentrerte elevane i arbeidet med boktrailer i IMOVIE. Foto: Silje Vågen Torbjørnsen



Me arbeida etter denne malen:

Tidsbruk: Mellom 4-6 skuletimar

Utstyr: Ipadar med appen IMOVIE

Del A

1. Lærarar deler elevane inn i grupper på to og to
2. Me må vise trailerane og muligheitane dei har til å velje mal.
3. Me må snakke om copyright; creativ common og
Bruke bilder frå bøker
Ta bilder sjølv
Creativ common
Pexels.com
4. søkeord, kva er gode søkeord?

15-20 minutt intro.

Del B

1. gå i grupper
2. velje bok å lage trailer av
3. legge ein plan for korleis ein skal lage trailer.
4. Velje mal som passar kva

Bookcreator	Imovie
2A, Rimbareid skule	5.-6.klasse Øvrebygda skule
4A, Rimbareid skule	6A, Rimbareid skule
4B, Rimbareid skule	6B, Rimbareid skule
4.-7.klasse Selevik skule	7B, Rimbaried skule

Resultat:

Prosjektet Tips meg om ei god bok har oppnådd målet med å få barn til å tipse om bøker til kvarandre. Elevar og lærar har fått prøve nye verktøy til å dele boktips som bokplakat i Bookcreator og Boktrailer i Imovie. Med prosjektet har ein fått synleggjort at elevane les bøker. Boktipsa har inspirert elevane når dei sjølv skal velje seg litteratur.

Med å få midlar til å dekkje vikar har bibliotekar fått tid til å arbeidet med prosjektet, både å førebu, gjennomføre og publisere boktips på nettside og sosiale media. Det har vore eit pluss at bibliotekar har vore fleksibel og hatt moglegheit til å arbeide på skulane når det har passa for dei enkelte klassane.

Med prosjektet har bibliotekar og dermed biblioteket vore synleg på skulane. Det er viktig at ungane kjenner biblioteket, men også viktig at bibliotekar kjenner elevane i kommunen. Når bibliotekar møter ungane att på biblioteket har ein ei felles oppleving som ein kan jobbe ut i frå. Td. Dersom eit barn treng tips til lesestoff kan ein bruke tips frå klassekameratar eller medelevar.

Overføringsverdi/erfaringar


Det å bruke barn sine tips til bøker tek barna på alvor. Det er også nyttig for bibliotekar, lærarar og elevar å sjå bredden i det elevane lika å lese. Erfaringa tilseier at det som er enklast å gjennomføre, og som som har mest fokus på boktipsa er å lage bokplakatar i Bookcreator. Printar ein desse ut har ein noko handfast å henge opp i biblioteket. Boktrailerane var kjekke å lage og dei vart kule, men dei er ikkje like enkel å dele. Det er derimot ein kjekk aktivitet og elevane får gjere noko dei vanlegvis ikkje gjer på skulen; å lage filmtrailer.

Me erfarte at det beste var å ha ei kort innføring for så å sette i gang. Elevane lærte mykje undervegs og av kvarandre. Var det noko me ikkje kunne fann me det ut undervegs.

Eventuelle planar for vidareføring eller oppfølging

Fitjar folkebibliotek i samarbeid med skulebibliotekarane og lærarar i kommunen ønsker å vidareføre prosjektet med å få barn til å dele boktips til kvarandre via bokplakatar. Det vil bli arbeida for at klassar set av tid til dette i årsplanane sine.

Ved å stadig få nye bokplakatar kan me byte ut desse på skulebiblioteka med jamne mellomrom. Om me får lov av føresette ønsker me å dele boktips på heimesida til biblioteket og via biblioteket sine kanalar. Dersom me har ressursar til det, vil det å lage boktrailerar vere ein kjekk aktivitet for dei litt større elevane.




Animorphs

Animorphs er ein teikneserie som handlar om at romvesen invaderer...

fitjarbibliotek.no

Døme:



Animorphs er ein teikneserie som handlar om at romvesen invaderer jorda og fem barn, som har fått krefter til å gjere seg om til dyr, skal prøve å stoppe romvesena frå å ta over universet.

“Ein fantastisk bokserie full av spenning, drama og triste hendingar. Morosam bok som eg trur alle vil like”

Isak, 5.klasse

